

Kjekt på minimusikal om Noah.

10.04.2016



Kjekk minimusikal.

Søndag føremiddag var eg publikum på minimusikalen om Noah i Uskedal kyrkje. Veldig kjekt var det å vera publikum, og like kjekt trur eg det var for Alma og Nora, medhjelparane Signe, Gunnar og Torbjørn og dei vaksne som var med på framføringa. Det var trusopplæraren Kristine Hestad som leia dei gjennom opplegget.

**Til opning tende dei lys.**

Minimusikalen om Noah er ein del av trusopplæringa i kyrkja. Det er berekna på dei yngste, og i Uskedalen var eitt-, to og treåringane invitert. Etter at dei først var samla til lystenning, var dei klar for minimusikalen.

Dette er eit opplegg som fortel historia om Noah gjennom fortelejing, song og leik. Det heile vert konkretisert mellom anna ved bruk av både båt og mange dyr. Til songane og deler av forteljinga vart det brukt rytmeinstrument både av medhjelparane og av dei yngste. Svært flink forteljar, Kristine Hestad, gjorde også sitt til at vi fekk oppleva ei svært levande fortelejing.

Det var tydeleg at dette fall i smak hos småborna. Særleg populære var rytmeinstrumenta og dyra. Dyrelydane og namna på dyra som dei kunne, fortalte dette tydeleg. Dei song også mange fine songar. Opplegget er svært godt og gjennomarbeidd med fast innspela musikk til. Det var verkeleg kjekt å vera vitne til det som føregjekk framme i kyrkja dei ca. 45 minuttane minimusikalen varte.

Etterpå kunne dei kosa seg med frukt og anna grønt, kaker og boller. Borna fekk saft å drikka, medan dei vaksne fekk kaffi.



Kristine Hestad saman med hjelparane Signe, Gunnar og Torbjørn.



Mange kjekke og kjende dyr.



Song og rytme er gøy!



Min båt er så liten og havet så stort.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland